

Velkommen til masterstudiet i Samhandling og folkehelse ved Høgskulen på Vestlandet (HVL)

Du er no student på kull MSFH_2021 og du har medstudentar i kullet på campus Haugesund, campus Bergen og campus Førde. Grunna Covid-19, vil undervisninga i haust gå digitalt via Zoom. Men første studiedag blir på den campusen du er teken opp som student, og du må prioritere å møte første studiedag for introduksjonen som studiet bygger vidare på.

Har du studieplass ved campus Førde

Studiestart er torsdag 24. august kl. 10.15 i høgskulen sine lokale på Vie (ved Førde Sentralsjukehus). Oppmøtestad og klokkeslett finn du i timeplanen.

Har du studieplass ved campus Bergen

Studiestart er torsdag 24. august kl. 10.15 i høgskulen sine lokale på Kronstad (Inndalsveien 28, bybanestopp Kronstad). Oppmøtestad finn du i timeplanen.

Har du studieplass ved campus Haugesund

Studiestart er torsdag 24. august kl. 10.15 i høgskulen sine lokale i Bjørnsonsgate 45. Oppmøtestad og klokkeslett finn du i timeplanen.

Studieplan

I [studieplanane](#) finn du læringsutbytte, arbeidskrav og eksamensformer. Første emnet i studiet er «[Folkehelse og samhandling](#)». Les desse nøye før studiet startar.

Semesterregistrering

Du vil få tilsendt SMS frå HVL med pinkode og informasjon og lenkje til semesterregistrering tidleg i august. Frist for registreringa er 1. september, men det er avgjerande at du semesterregistrerer deg i god tid før oppstart for å få tilgang til læringsplattforma Canvas. Der ligg også Zoom tilgjengeleg.

I Studentweb finn du også faktura for semesteravgift slik: Vel «Meir» i toppmenyen, deretter betaling. Dersom det ikkje ligg faktura her, vel du «Opprett faktura».

Informasjon om [Studiestart hausten 2021](#)

Undervisning

Når forelesningane bli gjennomført digitalt via Zoom, fylgjer du undervisninga frå eigen PC. Noko av undervisninga har frammøteplikt. Dei timane er merka «obligatorisk» på timeplanen.

Dersom du vil starte å lese pensum kan følgande tilrådest:

- Tulchinsky, T. H., & Varavikova, E. A. (2014). The new public health. Academic Press. Kapittel 2, 3, 10,11, 12, 13 og 15. Denne boka har HVL som gratis digital nettressurs gjennom biblioteket. Deler av boka er opent tilgjengelig [her](#).
- Mittelmark, M. B., Sagy, S., Eriksson, M., Bauer, G. F., Pelikan, J. M., Lindström, B., & Espnes, G. A. (2017). The handbook of salutogenesis. Springer.
- Okan, O., & Bauer, U. (Eds.). (2019). International Handbook of Health Literacy: Research, practice and policy across the life-span. Policy Press.

(Desse bøkene er fritt tilgjengelig digital via HVL sitt biblioteket)

Canvas

Høgskulen nyttar Canvas aktivt til kommunikasjon og informasjon. Canvas blir brukt til administrativ og fagleg informasjon om studiet, innlevering av arbeidskrav, plan for samlingane, PowerPoint presentasjonar, lenke til pensumliste, meldingar m.m. Dersom Canvas er ukjent for deg, finn du nyttige tips på [Canvas hjelpesider](#).

Timeplan og eksamen

Timeplan for hausten 21 finn du i [TimeEdit](#). Dei 9 dagane er: 24-26 august, 28-30 september og 2-4 november. Heimeeksamen er 29 november til 6 desember.

Studentliv

Les meir om studentliv på og utanfor campus Førde, campus Bergen og campus Haugesund [her](#).

Meir informasjon

Vi oppmodar deg til å bruka nettsida [For studentar](#). Her finn du utfyllande informasjon, og meir om pliktene og rettane dine som student.

Lurer du på noko?

Ta kontakt med [servicetorget](#) som er førstelinetenesta på campusane våre. Du må møte/registrere deg digitalt ved oppstart første dag, men dersom du blir forhindra den dagen, eller ikkje vil ta studiet likevel, ber vi deg ta kontakt med opptak@hvl.no så fort som råd.

Du kan ta kontakt med seniorkonsulent [Bergljot Sundfør](#) (ferie:12.07- 06.08) dersom du har administrative spørsmål.

Ta kontakt med underteikna dersom du har faglege spørsmål.

Vi ser fram til å møte deg i august!

Venleg helsing professor [John Roger Andersen](#) (ferie: 28.06-02.08) fagansvarleg for emnet «Folkehelse og samhandling».